

Statsråden

Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref	Vår ref	Dato
Nr 594	24/2366-	16. desember 2024

Svar på skriftleg spørsmål nr. 594 frå stortingsrepresentant Per-Willy Amundsen - utvikling i reintal og tilgang på beiteareal

Eg viser til brev dagsett 5. desember 2024 med følgjande spørsmål til skriftleg svar frå representanten Per-Willy Amundsen:

«*Hvordan har utviklingen i det reelle reintallet vært siden 2012, fordelt på landets 6 reinbeiteområdene, og hvordan har utviklingen i tilgang på beiteareal vært i samme periode i de samme områdene?»*

Det samla reintallet for reindrifta (dei seks reinbeiteområda og reinlaga) har dei siste åra variert rundt 215 000 tamrein i vårflokk, det vil sei før kalving. Nedanfor følgjer ei oversikt over utviklinga i reintallet i dei seks reinbeiteområda frå 2012 til 2023. Talet for 2024 er eit overslag per november 2024.

Reinbeite-område	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024*
Aust-Finnmark	83 957	74 984	69 657	65 947	68 803	68 537	70 345	70 176	71 400	72 371	72 301	71 355	72 216
Vest-Finnmark	107 055	106 127	95 881	79 333	80 909	79 076	77 115	78 576	78 729	77 846	78 264	77 594	77 981
Troms	12 820	12 768	12 486	12 179	11 971	11 943	12 009	12 150	12 340	12 249	12 779	12 599	12 783
Nordland	14 878	14 828	14 670	14 491	14 366	14 219	14 025	13 960	14 079	13 997	13 992	13 932	13 952
Nord-Trøndelag	13 930	14 093	14 169	14 398	14 164	14 206	14 168	13 921	14 173	14 078	13 996	14 063	13 860
Sør-Trøndelag/Hedmark	13 662	13 003	13 141	13 080	13 166	13 766	14 608	13 773	13 766	13 874	13 949	14 068	14 018

Kjelde: Landbruksdirektoratet.no

Eit for høgt reintal har vore ei utfordring over tid, men etter at gjeldande reindriftslov tredde i kraft i 2007, har det vorte gjennomført reduksjonsprosessar i Finnmark. Reintalet har dei

seinare åra i all hovudsak vore under grensa som er sett for kvart einskild siida/reinbeitedistrikt.

Eit reital tilpassa beitegrunnlaget er avgjerande for å nå målet om ei berekraftig reindrift og eg som landbruks- og matminister vil halde fram med å ha stor merksemd på dette målet. Landbruksdirektoratet skal arbeide for å vareta grunnlaget for ei berekraftig reindrift ved å bidra til at reintalet ikkje overstig fastsett øvre reital. Reindriftsstyret fattar vedtak om reduksjon av reital ved å nytta føreseggnene i reindriftslova. Saman med statsforvaltaren skal direktoratet følgje opp dei siidaandelane som har auka reintalet over det fastsette reintalet. Landbruksdirektoratet skal vurdere behovet for offentleg kontrollerte teljingar på grunnlag av risikovurderingar frå statsforvaltaren.

Reindrifta er ei arealavhengig næring, og tilgang på nødvendige areal er ein sentral føresetnad for at næringa når målet om auka produksjon og lønsemnd. Behovet for fleksibilitet har auka grunna dei klimaskapte beitekrisene som reindrifta har opplevd dei siste åra. Tamrein beiter i ulike geografiske område etter årstidene, og ulike område har ulik bruks- og næringsmessig verdi. Det er derfor ikkje berre storleiken på tilgjengeleg areal som er viktig. Geografisk utbreiing av arealet har fleire funksjonar i tillegg til opphaldsstad og beite for tamrein. Areal med god avstand til forstyrningar er nødvendig for at reinen skal ha ro til å nyttiggjøre seg tilgjengeleg beite. SSB publiserte i 2020 ein analyse som viste at om lag 89 prosent av alle årstidsbeite og flyttleier for tamreinen ligg innan fem kilometer frå fysiske inngrep som bygningar og infrastruktur.

Det samiske reinbeiteområdet utgjer om lag 40 pst av Noregs areal. Innanfor det samiske reinbeiteområdet er det likevel omfattande område som ikkje kan nyttast som reinbeite. Det er byar tettstader, landsbruksområde, infrasruktur, industrianlegg og turistanalegg. Areala som reinen kan beite er difor langt mindre enn 40 pst.

Det ligg ikkje føre tal som syner utviklinga i tilgang på beiteareal i perioden frå 2012. Det vert arbeidd med å utarbeide ei betre oversikt over dette.

Med helsing



Geir Pollestad